



Innkalling av Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 03.02.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 12:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Det vert opplæring i elektronisk avstemming i starten av møtet.

Sakliste

Saknr	Tittel
023/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/21	Godkjenning av møteprotokoll 06.01.2021
025/21	Rammer og føringar for handsaming av søknader til næringsfond 2021
026/21	Utval for næringutvikling og drift si rolle i prosjektet "Innovativ datafangst og analyse"
027/21	Meldingar og orienteringar i ND 03.02.2021

27. januar 2021

Stian Lavik
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/21	Utval for næringutvikling og drift	03.02.2021

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 17.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/21	Utval for næringutvikling og drift	03.02.2021

Godkjenning av møteprotokoll 06.01.2021

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saka:

22.01.2021 ND protokoll 06_01_2021

1502342



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 06.01.2021
Møtestad: Teams
Møtetid: 12:00 - 15:10

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Høpland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Yngve Walaker	UAVH	Medlem
Maya Riise	MDG	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjef samfunnsutvikling Hogne Haugsdal, hovudprosjektleiar samfunnsutvikling Tove Hagenes, møtesekretær Arthur Kleiveland.

Vegard R. Sjursen og Johannes Hystad frå konsulentselskapet EY orienterte om scenarioanalyse Alver/Nordhordland.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/21	Godkjenning av møteprotokoll
003/21	Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Alver Hotel AS – Prosjekt Produktutvikling Alver Hotel
004/21	Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Alver IT AS - Prosjekt Utvikle GDPR produkt for små bedrifter i Nordhordland
005/21	Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Alversund Handverksbryggjeri AS – Prosjekt Kjølerom for varelager

- 006/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Arken Care – Prosjekt Arken Care netstore
- 007/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Botnakraft AS – Prosjekt Botnakraft AS covid-19 søknad
- 008/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - BWS Musikk – Prosjekt Covid-19 næringsstilskot for kulturbedrift
- 009/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Dyrkolbotn Fjellstove, leirskole og gjestehus – Prosjekt Leirskulegarden - dyrking og driftsbygg
- 010/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Frekhaug Maskinering AS – Prosjekt Møte Covid19-utfordring med ny teknologi
- 011/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Lottas Blomster A/S – Prosjekt Covid19-støtte
- 012/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Nh treningspartner AS – Prosjekt Lågterskel gruppetimetilbud
- 013/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Norheim Lyd & Elteknikk – Prosjekt Søknad om næringsstilskot
- 014/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - PEP – Portable Energy Plant AS – Prosjekt NOX og CO2-utnyttning for ny industri
- 015/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Solholmen Vertshus AS – Prosjekt Fettutskiller
- 016/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Solholmen Vertshus AS – Prosjekt Kjøkken - Catering tenester
- 017/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Soltek AS – Prosjekt Digital markedsføring
- 018/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Utpust yoga AS – Prosjekt Utpustyoga
- 019/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Westland Hotel AS – Prosjekt Produktutvikling Westland Hotel
- 020/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Wind-Rose A/S – Prosjekt KV 19 Fond
- 021/21 Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Dyrkolbotn Fjellstove AS – Prosjekt Dyrkolbotn sommerprosjekt
- 022/21 Meldingar og orienteringar

001/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet hadde ei generell drøfting av prinsipp og kriterium for vurdering av søknadane til Covid19-fondet før handsaming av dei ulike sakene. Administrasjonen orienterte og svarta på spørsmål.

Handsaminga av dei enkelte søknadane til Covid19-fondet gjekk for "lukka dører" - Offl. §13 1.ledd - jf Forvaltningslova §13,1.ledd.

Utvalet godkjende innkalling og saksliste.

ND- 001/21 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

002/21: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet godkjende møteprotokoll for møte 11. november 2020.

ND- 002/21 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

003/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Alver Hotel AS – Prosjekt Produktutvikling Alver Hotel

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Produktutvikling Alver Hotel» blir tildelt kr 100 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Liv Hopland van der Kooij (SP) sette fram følgende framlegg:

Prosjektet «Produktutvikling Alver Hotel» blir tildelt kr 75 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Framlegget sett fram i møtet vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget frå Hopland van der Kooij fekk tre røyster (Liv Hopland van der Kooij-SP, Mabel Johansen-H, Maya Riise-MDG), og fall. Rådmannen sitt framlegg fekk fire røyster (Stian Lavik-KRF, Tormod Skurtveit-AP, Yngve Walaker-UAVH, Øyvind Bratshaug-H).

ND- 003/21 Vedtak:

Prosjektet «Produktutvikling Alver Hotel» blir tildelt kr 100 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

004/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Alver IT AS - Prosjekt Utvikle GDPR produkt for små bedrifter i Nordhordland

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Utvikle GDPR produkt for små bedrifter i Nordhordland» blir tildelt kr 25 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 004/21 Vedtak:

Prosjektet «Utvikle GDPR produkt for små bedrifter i Nordhordland» blir tildelt kr 25 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

005/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Alversund Handverksbryggeri AS – Prosjekt Kjølerom for varelager

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Kjølerom for varelagen» blir tildelt kr 25 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 005/21 Vedtak:

Prosjektet «Kjølerom for varelagen» blir tildelt kr 25 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

006/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Arken Care – Prosjekt Arken Care netstore

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Arken Care netstore» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 006/21 Vedtak:

Prosjektet «Arken Care netstore» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

007/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Botnakraft AS – Prosjekt Botnakraft AS covid-19 søknad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Botnakraft AS covid-19 søknad» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 007/21 Vedtak:

Prosjektet «Botnakraft AS covid-19 søknad» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

008/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - BWS Musikk – Prosjekt Covid-19 næringstilskot for kulturbedrift

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Covid-19 næringstilskot for kulturbedrift» blir tildelt kr 67 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 008/21 Vedtak:

Prosjektet «Covid-19 næringstilskot for kulturbedrift» blir tildelt kr 67 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

009/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Dyrkolbotn Fjellstove, leirskole og gjestehus – Prosjekt Leirskulegarden - dyrking og driftsbygg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Leirskulegarden - dyrking og driftsbygg» blir tildelt kr 100 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 009/21 Vedtak:

Prosjektet «Leirskulegarden - dyrking og driftsbygg» blir tildelt kr 100 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

010/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Frekhaug Maskinering AS – Prosjekt Møte Covid19-utfordring med ny teknologi

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Møte Covid19-utfordring med ny teknologi» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 010/21 Vedtak:

Prosjektet «Møte Covid19-utfordring med ny teknologi» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

011/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Lottas Blomster A/S – Prosjekt Covid19-støtte

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Covid 19 støtte» blir tildelt kr 76 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 011/21 Vedtak:

Prosjektet «Covid 19 støtte» blir tildelt kr 76 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

012/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Nh treningspartner AS – Prosjekt Lågterskel gruppetimetilbud

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Lågterskel gruppetimetilbud» blir tildelt kr 67 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 012/21 Vedtak:

Prosjektet «Lågterskel gruppetimetilbud» blir tildelt kr 67 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

013/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Norheim Lyd & Elteknikk – Prosjekt Søknad om næringsstilskot

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Søknad om næringsstilskot» blir tildelt kr 40 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 013/21 Vedtak:

Prosjektet «Søknad om næringsstilskot» blir tildelt kr 40 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

014/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - PEP – Portable Energy Plant AS – Prosjekt NOX og CO2-utnytting for ny industri

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «NOX og CO2-utnytting for ny industri» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 014/21 Vedtak:

Prosjektet «NOX og CO2-utnytting for ny industri» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

015/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Solholmen Vertshus AS – Prosjekt Fettutskiller

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Fettutskillen» blir tildelt kr 25 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringsutvikling og drift 06.01.2021:**Behandling:**

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 015/21 Vedtak:

Prosjektet «Fettutskillen» blir tildelt kr 25 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

016/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Solholmen Vertshus AS – Prosjekt Kjøkken - Catering tenester**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet «Kjøkken - Catering tenester» blir tildelt kr 50 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringsutvikling og drift 06.01.2021:**Behandling:**

Administrasjonen retta opp feil tilskotssum i rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Kjøkken - Catering tenester» blir tildelt kr 30 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt korrigerede framlegg til vedtak.

ND- 016/21 Vedtak:

Prosjektet «Kjøkken - Catering tenester» blir tildelt kr 30 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

017/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Soltek AS – Prosjekt Digital markedsføring**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet «Digital markedsføring» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 017/21 Vedtak:

Prosjektet «Digital markedsføring» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

**018/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Utpust yoga AS –
Prosjekt Utpustyoga**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Utpustyoga» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 018/21 Vedtak:

Prosjektet «Utpustyoga» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

**019/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Westland Hotel AS –
Prosjekt Produktutvikling Westland Hotel**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Produktutvikling Westland Hotel» blir tildelt kr 100 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 019/21 Vedtak:

Prosjektet «Produktutvikling Westland Hotel» blir tildelt kr 100 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

020/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Wind-Rose A/S – Prosjekt KV 19 Fond

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «KV 19 Fond» blir tildelt kr 30 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 020/21 Vedtak:

Prosjektet «KV 19 Fond» blir tildelt kr 30 000 frå Covid19-fondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

021/21: Søknad til Næringsfondet - Covid19-fond 2020 - Dyrkolbotn Fjellstove AS – Prosjekt Dyrkolbotn sommerprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Dyrkolbotn sommerprosjekt» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 021/21 Vedtak:

Prosjektet «Dyrkolbotn sommerprosjekt» blir ikkje tildelt midlar frå Covid19-fondet 2020.

022/21: Meldingar og orienteringar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Utval for næringutvikling og drift 06.01.2021:

Behandling:

- Vegard R. Sjursen i konsultentselskapet EY orienterte om scenarioanalyse Alver/Nordhordland.

- Kommunalsjef samfunnsutvikling Hogne Haugsdal orienterte om organiseringa av næringsarbeidet/næringsjef-stillinga.

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil peika på viktigheita av at fungerande næringsjef og dei andre i næringsteamet får tilstrekkeleg tid og fokus på næring og utvikling og vil be om at dette vert kontinuerleg vaka over og optimalisert.

Etter tydelege signal frå næringslivet og Nordhordland Næringslag, er Utval for næringsutvikling og drift sterkt uroa for situasjonen kring handsaming av byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen. Situasjonen er no så alvorleg at fleire aktørar må gå til permitteringer medan ein ventar på avklaring i prosjekt som kunne vore starta om sakshandsaminga var raskare.

Utvalet vil be administrasjonen om å få på plass nok ressursar for å handtera situasjonen snarast råd, gjerne først gjennom innleige av personell og så tilsetjing. Om naudsynt, ber utvalet om at formannskapet nyttar si fullmakt frå kommunestyret til å avvika frå stillingsstopp i kommunen. Dette hastar, og det er trong for avklaring og iverksetjing snarast råd. Dersom ein ventar til februar eller seinare med dette, er utvalet uroa for konsekvensane for verksemder og tilsette innan eigedomsutvikling og bygg- og anlegg i kommunen.

Framlegg sett fram i møtet vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget frå Stian Lavik fekk 7 røyster og samrøystes vedteke.

ND- 022/21 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet vil peika på viktigheita av at fungerande næringsjef og dei andre i næringsteamet får tilstrekkeleg tid og fokus på næring og utvikling og vil be om at dette vert kontinuerleg vaka over og optimalisert.

Etter tydelege signal frå næringslivet og Nordhordland Næringslag, er Utval for næringsutvikling og drift sterkt uroa for situasjonen kring handsaming av byggesaker og relatert sakshandsaming i kommunen. Situasjonen er no så alvorleg at fleire aktørar må gå til permitteringer medan ein ventar på avklaring i prosjekt som kunne vore starta om sakshandsaminga var raskare.

Utvalet vil be administrasjonen om å få på plass nok ressursar for å handtera situasjonen snarast råd, gjerne først gjennom innleige av personell og så tilsetjing. Om naudsynt, ber utvalet om at formannskapet nyttar si fullmakt frå kommunestyret til å avvika frå stillingsstopp i kommunen. Dette hastar, og det er trong for avklaring og iverksetjing snarast råd. Dersom ein ventar til februar eller seinare med dette, er utvalet uroa for konsekvensane for verksemder og tilsette innan eigedomsutvikling og bygg- og anlegg i kommunen.

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
025/21	Utval for næringsutvikling og drift	03.02.2021

Rammer og føringar for handsaming av søknader til næringsfond 2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rammer og føringar for handsaming av søknader til næringsfond 2021 blir vedtatt slik dei ligg føre i saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for Næringsutvikling og drift.

Kva saka gjeld:

Denne saka gjeld rammer og føringar for handsaming av søknader til næringsfond 2021. Dette er rammer og føringar for sakshandsaming utover gjeldande fondsvedtekter.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Kommunestyret i Alver vedtok justerte fondsvedtekter for næringsfondet i november 2020. I handsaming av budsjett og økonomiplan 2021 – 2024 blei det sett av kr 1,5 mill til næringsfondet. Føremålet med næringsfondet er at det skal bidra til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

Målsettingane er følgjande:

- Stimulere prosjekt som gir vekst i eksisterande verksemder og arbeidsplassutvikling i Alver kommune.
- Stimulere til ei berekraftig næringsutvikling
- Omstilling og nyskaping i næringslivet
- Tiltak som styrker næringslivet i arbeidet med ny teknologi, innovasjon og entreprenørskap.
- Samarbeidstiltak innanfor etablert næringsliv
- Stimulere til kompetanseutvikling i næringslivet

Det er lagt opp til to tildelingar frå næringsfondet per år. Fondsvedtektene legg fundamentet for korleis søknadar skal handsamast og prioriterast, men i løpet av handsamingsprosessane i 2020 er det gjort fleire praktiske erfaringar som ikkje er dekkja av vedtektene. For å klagjere dette blir det lagt fram forslag til rammer og føringar for handsamingsprosessen i 2021.

Vurdering:

Næringsfondet til Alver er populært, det har kome inn mange søknader i 2020 og total søknadssum er langt høgare enn det beløpet som er tilgjengeleg i fondet. Erfaringar frå tildelingane viser at det bør vere rammer og føringar for sjølve sakshandsaminga, både administrativt og politisk. Utover fondsvedtektene rår rådmannen til følgjande rammer og føringar:

1. **Vekting av faktorar i vedtektene:** I vedtektene er det lagt vekt på for eksempel grad av innovasjon, entreprenørskap, berekraft og samarbeid mellom aktørar. Utvalet bør vurdere om det er nokre av desse faktorene som skal vektast meir enn andre i 2021.
2. **Fordeling av fondssum:** Med to tildelingar per år er det stor risiko for å bruke størstedelen av midlane i første tildeling. Det blir derfor foreslått å dele opp den totale fondssummen i to like delar for å sikre best

mogleg fordeling. Utvalet kan løyve meir eller mindre, men administrasjonen arbeider ut frå ei lik fordeling som eit utgangspunkt for sakshandsaminga.

3. **Prioritering av søknader:** Erfaringa viser at eit stort tal søknadar kan bety betydeleg mindre støtte enn det som er søkt om i dei ulike prosjekta. Dette kan bety at mange prosjekt ikkje kan gjennomførast slik dei er planlagt. Det blir foreslått å prioritere færre prosjekt der tildeling av midlar ligg mest mogleg opp til søknadssum. Dette kan bidra til større gjennomføringsgrad for dei prosjekta som blir prioritert.
4. **Prioritere prosjekt som støttar kommunen sin næringspolitikk:** I løpet av 2021 vil kommunen få på plass kommuneplan og strategisk næringsplan med ein prioritert næringspolitikk. Det blir rådd til å støtte prosjekt og verksemdar som støttar kommunen sine strategiske satsingar. Dette kan også bety å prioritere nokre bransjar og tema framfor andre.
5. **Historikk og gjennomføringsevne:** Det er aktørar som har søkt støtte frå næringsfondet fleire gonger. Det bør leggjast vekt på gjennomføringsevne til desse aktørane.
6. **Tilgjengeleg dokumentasjon:** All dokumentasjon som er grunnlag for sakshandsaming skal vere tilgjengeleg for utvalsmedlemmar i politikarportalen, slik at politisk nivå skal ha eit best mogleg grunnlag for å ta avgjerd. Søkjarar må sjølv informere om konkurransesensitiv informasjon.

Vedlegg i saka:

27.01.2021	Fondsvedtekter næringsfond Alver kommune_vedtatt	1504145
	26.11.21	



Fondsvedtekter

Næringsfond Alver kommune

Vedtatt i Alver kommunestyre 26.11.2020.

1. FØREMÅL

- Næringsfondet skal bidra til næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar i Alver kommune.

2. MÅLSETTING

- Stimulere prosjekter som gir vekst i eksisterande verksemder og arbeidsplassutvikling i Alver kommune.
- Stimulere til ei berekraftig næringsutvikling.
- Omstilling og nyskaping i næringslivet.
- Tiltak som styrker næringslivet i arbeidet med ny teknologi, innovasjon og entreprenørskap.
- Samarbeidstiltak innanfor etablert næringsliv.
- Stimulere til kompetanseutvikling i næringslivet.

3. KVEN KAN SØKJE

Næringsfondet kan nyttast til tiltak for verksemder og til næringstiltak i regi av kommunen eller andre typar næringsutviklingsorganisasjonar, og/eller der midlane i hovudsak får effekt i Alver kommune, til dømes:

- Føretak med forretningsadresse i Alver kommune
- Samarbeidstiltak med lokale føretak
- FOU-aktørar i samarbeid med lokale føretak
- Kommunale næringsutviklingsprosjekt
- Næringsutvikling i landbruket som ikkje får stønad frå landbrukets vanlege stønadsorgan.
- Verksemder som treng å ta eit nytt steg etter oppstartsfasen, eller etablerte verksemder som treng hjelp til å realisere eit nytt marknadspotensiale eller internasjonalt vekstpotensial vil vere prioritert.

4. KORLEIS SØKE

Tiltakshavar skal søke elektronisk via nettstaden www.regionalforvaltning.no.

5. SØKNADSRIST OG TILDELING

Kommunestyret har delegert mynde for tildeling av midlar til Utval for næringsutvikling og drift. Utvalet avgjer søknadene som kjem til kommunen. Det blir lagt opp til to hovudtildelingar i året, med søknadsfrist 1. mai og 1. oktober.

Det kan i særskilte høve tildelast midlar utanom hovudtildelingane. Søkjar må i så fall grunngje kvifor dette vil vera avgjerande, t.d. om ein vil mista utløysande midlar andre stader om ein må venta på hovudtildeling. Det kan maksimalt delast ut 15 % av næringsfondet sine midlar mellom dei ordinære søknadsfristane

6. VILKÅR

- 6.1. Stønad kan berre bli gitt i form av tilskot. Jmfør kommunelova § 51 kan næringsfondet ikkje setjast som garanti for lån til næringsverksemd. Stønad kan ikkje brukast til teikning av aksjar, sanering av gjeld, kausjon/garanti for - eller renter og avdrag på lån til prosjekt eller verksemd.
- 6.2. Det kan søkjast om støtte til investeringar i nytt utstyr og maskiner. Det blir ikkje gitt stønad til oppføring av bygg, og kjøp av eigedom og areal.

- 6.3. Stønad frå næringsfondet skal ikkje overstige 50 % av prosjektet sin samla finansieringsplan
- 6.4. Stønad skal nyttast til utviklingsprosjekt, ikkje til ordinær drifts- og vedlikehaldskostnad.
- 6.5. Fondet gir ikkje stønad til festivalar, kulturtiltak, kultur- og idrettsarrangement.
- 6.6. Stønad kan gjevast til føretak som er registrert i Brønnøysundregisteret.
- 6.7. Vesentlege endringar i prosjektplanen, endringar i prosjektet sitt budsjett eller finansieringsplan, skal godkjennast av utval for næringsutvikling og drift.
- 6.8. Føresetnaden for Alver kommune si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjent finansieringsplan i omsøkte prosjekt viser. Alle tilskotsmottakarar må bekrefte at dei tar imot tildelt tilskot. Ved avkorting i i søknadssum, står tilskotsmottakar fritt til å justera sin finansieringsplan tilsvarande. Oppdatert finansieringsplan skal sendast inn.
- 6.9. Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje vert oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.
- 6.10. Informasjon om prosjektet kan verte omtala på kommunen si nettside og ein kan rekna med å bli beden om å presentera prosjektet for kommunen.
- 6.11. Profilerings. I alle presentasjonar av-prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert frå Alver kommune. Bruk av kommunen sin logo må avtalast.
- 6.12. Forholdet til andre verkemiddel: Tildelingar frå fondet må vere i samsvar med aktuelle krav og retningsliner som td. retningsliner for bruk av regionale utviklingsmidlar, regelverk for offentleg støtte mv.
- 6.13. Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostadar. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.
- 6.14. Prosjektet si avslutning og sluttutbetaling. Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakar sende oppmoding om sluttutbetaling. I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport og godkjennast av prosjekteigar.
- 6.15. Autorisert rekneskapsførar skal attestere sluttrekneskaper for tilsegn over kr. 100.000,-. Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.
- 6.16. Kontroll. Kommunen sin revisor har rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje kommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

Arkiv: <arkivID><jplD>
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.01.2021

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
026/21	Utval for næringsutvikling og drift	03.02.2021

Utval for næringsutvikling og drift si rolle i prosjektet "Innovativ datafangst og analyse"

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I sak 27/20 (utval for næringsutvikling og drift) blir det gjort følgjande endringar i punkt 2 i vedtaket:
- Utval for næringsutvikling og drift vil vere **referansegruppe** for prosjektet på vegne av kommunen, som er pilotpartner i prosjektet. Prosjektet orienterer referansegruppa ved behov eller når utvalet ønskjer det.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Kva saka gjeld:

Denne saka gjeld utval for næringsutvikling og drift si rolle i prosjektet til GC labs «Innovativ datafangst og analyse». Prosjektet fekk i sak 27/20 tildelt kr 900.000 frå næringsfondet over 2 år.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I sak 27/20 gjorde utval for næringsutvikling og drift følgjande vedtak:

- Prosjektet «Innovativ datafangst og analyse» blir tildelt 900 000 kr frå Næringsfondet over ein prosjektperiode på 2 år, 450 000 kr i 2020 og 450 000 kr i 2021.
- Utval for Næringsutvikling og drift vil vere ei styringsgruppe for prosjektet på vegne av kommunen, som er pilotpartner i prosjektet.
- Utvalet ber at rådmannen signerer innovasjonskontrakten (FoU-avtalen) med CG Labs slik at særvilkår for tilsegn frå Innovasjon Norge blir oppfylt.

I etterkant av dette vedtaket er innovasjonskontrakten signert. I tillegg har kommunen drøfta vedtakspunkt punkt 2 saman med GC labs og prosjektet, der utval for næringsutvikling og drift er definert som styringsgruppe for prosjektet. Dette er ei utfordring ettersom prosjektet, gjennom innovasjonskontrakten med Innovasjon Norge, har ein definert styringsmodell. Det bør derfor gjerast ei ny vurdering på utvalet si rolle i prosjektet.

Vurdering:

Det er innovasjonskontrakten som beskriv føremålet med samarbeidet mellom kommunen og GC labs, og korleis prosjektet skal styrast. Prosjektet er eit forskings- og utviklingssamarbeid, der GC labs er leverandør og Alver kommune er pilotkunde. For leverandøren er denne kontrakten eit viktig grunnlag for å kunne søke Innovasjon Norge om utviklingsstøtte. Kontrakten regulerer det faglege og operative utviklingsarbeidet som prosjektet skal levere. Innovasjonskontrakten beskriv også styring, roller og ansvar. Prosjektet skal ha ei styringsgruppe med to medlemmer frå begge partar. Alver kommune skal ha styringsgruppeleiar medan CG labs skal ha rolle som prosjektleiar. Styringsgruppa skal sørge for forsvarleg organisering og gjennomføring av prosjektet i samsvar med tilbods brevet frå Innovasjon Norge. Prosjektet skal også utarbeide ein arbeidsplan med konkrete tiltak som dannar grunnlaget for den faglege og finansielle gjennomføringa av prosjektet. Denne arbeidsplanen skal styringsgruppa vedta. For Alver kommune er det to faglege tenesteleiarar som

representerer kommunen i styringsgruppa.

Innovasjonskontrakten har ein definert styringsmodell og det vil derfor ikkje vere riktig at utval for næringsutvikling og drift er styringsgruppe for prosjektet, ref. vedtak i sak 27/20. Utvalet har ikkje ei formell rolle i prosjektet, men har bidratt med tilskot gjennom næringsfondet. Ut frå den rolla vil det vere naturleg at utvalet har interesse av å vite korleis prosjektet har nytta tilskotsmidlane. I dialog med prosjektleiar for GC labs er det stadfesta at utvalet kan ha ei rolle som referansegruppe i prosjektet (Sjå vedlagt e-post).

Det er også kome spørsmål om politisk deltaking i sjølve styringsgruppa, noko prosjektleiar i GC labs har stadfesta at det kan vere opning for. Sett frå rådmannen si side er det to forhold som er utfordrande med politisk deltaking i styringsgruppa:

1. Kommunen har gjennom ulike styringsdokument og praksis lagt opp til ei tydeleg arbeidsdeling mellom politisk og administrativt nivå. Dette blir gjort for å skilje tydeleg på roller og ansvar, og for å avklare på kva nivå ulike avgjerder blir tatt. Prosessar som treng politisk avgjerd skal som prinsipp ha ei administrativ tilråding. Prosessar med administrativ styring blir handtert innafor eit administrativt delegeringssystem eller eit prosjektreglement. Samarbeidet mellom GC labs og Alver kommune er eit fagleg utviklingsarbeid der administrativ fagleg deltaking er viktig. Politisk deltaking i styringsgruppa vil derfor vere eit brot på den arbeidsdelinga som er mellom politisk og administrativt nivå.
2. Politikarane i utval for næringsutvikling og drift har vedtatt å bevilge pengar til prosjektet, og dette er pengar som styringsgruppa og prosjektet skal forvalte gjennom faglege prioriteringar. For å skilje rollene tydeleg er det viktig at dei som tildeler tilskot ikkje er med på å forvalte dei same midlane.

Tilråding: Rådmannen rår til at utval for næringsutvikling og drift blir definert som ei referansegruppe i prosjektet mellom GC labs og Alver kommune. Prosjektet orienterer referansegruppa ved behov eller når utvalet ønskjer det.

Rådmannen legg fram følgjande endringsforslag i sak 27/20:

- Prosjektet «Innovativ datafangst og analyse» blir tildelt 900 000 kr frå Næringsfondet over ein prosjektperiode på 2 år, 450 000 kr i 2020 og 450 000 kr i 2021.
- Utval for Næringsutvikling og drift vil vere ei **referansegruppe** for prosjektet på vegne av kommunen, som er pilotpartner i prosjektet. Prosjektet orienterer referansegruppa ved behov eller når utvalet ønskjer det.
- Utvalet ber at rådmannen signerer innovasjonskontrakten (FoU-avtalen) med CG Labs slik at særvilkår for tilsegn frå Innovasjon Norge blir oppfylt.

Vedlegg i saka:

27.01.2021	Epost frå prosjektleiar Rune Eikeland i GC labs_datert 7.jan 2021	1504486
27.01.2021	Politisk sak - CG Labs Innovativ - datafangst og analyse - søknad til næringsfondet	1504487

On 7 Jan 2021, at 15:44, <rune.eikeland@thevirtulab.com> <rune.eikeland@thevirtulab.com> wrote:

<RSImage.gif>

Gode Stian og Kjetil.

Syner til gode samtalar i dag, vedrørende prosjektstyring og styringsgruppe. I tillegg har eg hatt ein god samtale med vår sakshandsamar i Innovasjon Norge (Kjell Haganes) i dag.

Denne eposten har utelatande til føremål å syna til ei mogleg harmonisering av formelle tilhøve og praktisk gjennomføring, og det står sjølvstilt kommunen fritt å velja dei løysingar for styring som er best eigna for deira måloppnåing i prosjektet.

Saka har i all enkelheit tre omsyn/komponentar som må harmoniserast for ei effektiv prosjektstyring:

Praksis

Frå (og før) starten av prosjektet har eg retta meg til Leiar for teknisk drift og vedlikehald (Kjetil Spurkeland) som kontaktperson og «styrande instans» for våre omfattande prosjektaktivitetar. Dette synest også å vera i samsvar med eit internt formelt prosjektmandat Kjetil Spurkeland har hatt frå sin kommunalsjef. Det er naturleg for oss som leverandør at Kjetil Spurkeland har ein sentral rolle i styringsgruppa. Han har også spelt inn Siril Therese Sylta som leiar andre einingar som vil kunne ha stor effekt av prosjektet. Begge desse er eit svært godt val for oss som leverandør, dette sagt med den presiseringa at kommunen sjølv vel sine representantar på fritt grunnlag.

Vedtak i ND

I ND-sak 027/20, 29.04.2020 der me fekk løyst ut NOK 900 000 til prosjektet, er mellom anna sagt: «Utval for Næringsutvikling og drift vil vere ei styringsgruppe for prosjektet på vegne av kommunen, som er pilotpartner i prosjektet.»

Utvalsleiar ba i samband med dette vedtaket, oss som leverandør, om ei avklåring på korleis dette vedtaket ville vera heimla i innovasjonskontrakten, og dette har han ikkje fått frå oss før me no har gått inn i saka.

Innovasjonskontrakten

I signert innovasjonskontrakt pkt.3., der det går fram at det skal vere 2 personar frå kvar part i styringsgruppa. 1 frå pilotgruppa er styringsgruppeleiar, medan 1 frå leverandør er prosjektleiar.

Det er desse tre punkta som må harmoniserast slik at ei løysing stettar alle partar sine behov og krav til forsvarleg sakshandsaming og formelle heimlar – og sjølvstilt slik at løysinga er den best eigna for ei effektiv prosjektstyring.

Innovasjon Norge har i dag stadfesta at dei slett ikkje har motsegner til noko form for organisering som partane vert samde om, sjølv om den vil avvika frå kontrakten sine formuleringar – med den føresetnad av at kunden er i liketal/fleirtal samt har leiaren av gruppa.

I samtale med utvalsleiar Stian Lavik som først no vart gjort kjend med kontrakten sine formuleringar i saka, held han fram at kontrakten er det styrande dokumentet (det forstår eg som «superior» i annan avtalerettsleg samanheng), og at løysinga må tilpassast dette.

Som eit løysingsforslag med omsyn til harmoniseringa, nemner han som ei mogleg løysing at ND kan vera ei referansegruppe, då etter eit vedtak som presiserer vedtak/endringsvedtak i sak 027/20.

Vidare forstår eg det slik at han også kan vera open for å ta ei rolle i sjølve styringsgruppa, på vegne av ND. Om denne gruppa har tre (eller fleire) medlemmer frå kommunens side, stadfester altså Innovasjon Norge har dei ikkje har nokon motsegner til.

I rein avtalerettsleg forstand har me elles som partar full avtalefridom, så lenge me ikkje endrar grunnleggjande føresetnader (for Innovasjon Norge si støtte).

Utan at det treng å tilleggjast vekt i dykkar endelege vurdering, vil eg likevel seia at eg tykkjer dette vil vera ei særns god prosjektfagleg løysing for prosjektet, sett med våre augo. Eg tykkjer at ei slik løysing også tek vel i vare alle involverte partar sine uttrykte intensjonar for prosjektstyringa.

Høyrer frå dykk om dette!

Rune Eikeland

Norwegian Country Manager

M: +47 (0) 41 377 856

T: +44 (0) 161 920 6918

E: rune.eikeland@thevirtulab.com

A: Norway: Kvassnesvegen 44, 5914 Isdalstø (Knarvik)<RSImage.png>
<RSImage.png>

Disclaimer: This electronic mail message, including any attachments, is a confidential communication exclusively between The Virtulab and the intended recipient(s) indicated as the addressee(s). It contains information that is private and may be proprietary or covered by legal professional privilege. If you receive this message in any form and you are not the intended recipient you must not review, use, disclose or disseminate it. We would be grateful if you could contact the sender upon receipt and in any event you should destroy this message without delay. Anything contained in this message that is not connected with the business of The Virtulab is neither endorsed by nor is the liability of this company.

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/20074
Saksbehandlar:
Dato: 19.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
027/20	Utval for næringsutvikling og drift	29.04.2020

Søknad til næringsfondet - CG Labs Innovativ - datafangst og analyse

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Prosjektet «Innovativ datafangst og analyse» blir tildelt 900 000 kr frå Næringsfondet over ein prosjektperiode på 2 år, 450 000 kr i 2020 og 450 000 kr i 2021.
- Utval for Næringsutvikling og drift vil vere ei styringsgruppe for prosjektet på vegne av kommunen, som er pilotpartner i prosjektet.
- Utvalet ber at rådmannen signerer innovasjonskontrakten (FoU-avtalen) med CG Labs slik at særvilkår for tilsegn frå Innovasjon Norge blir oppfylt.

Utval for næringsutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Utvalet handsama saka for "lukka dører". (Offl. §13.1)

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

ND- 027/20 Vedtak:

- Prosjektet «Innovativ datafangst og analyse» blir tildelt 900 000 kr frå Næringsfondet over ein prosjektperiode på 2 år, 450 000 kr i 2020 og 450 000 kr i 2021.
- Utval for Næringsutvikling og drift vil vere ei styringsgruppe for prosjektet på vegne av kommunen, som er pilotpartner i prosjektet.
- Utvalet ber at rådmannen signerer innovasjonskontrakten (FoU-avtalen) med CG Labs slik at særvilkår for tilsegn frå Innovasjon Norge blir oppfylt.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Utval for Næringsutvikling og drift

Bakgrunn

CG Labs AS er etablert i 2019 i Knarvik, som eit søsterselskap til Iris Group Nordic AS. Selskapet har på søknadstidspunktet fire tilsette og planlegg for ein vekst i omsetning og tilsette gjennom heile prosjektperioden.

CG Labs AS er ein sjølvstendig eining i ei global industriell gruppe med ca 3000 tilsette. Resultat frå prosjektet med Alver kommune på testing og utprøving vil seinere kunne takast i bruk i internasjonale marknader der gruppa har verksemd i dag. Søsterselskapet (Iris Group Nordic AS) har i hovudsak retta seg mot inspeksjon av ulike former for infrastruktur (ei rekke

kraft-/nettselskap, rammekontrakt med Bane Nor om inspeksjon av Bergensbanen, ei veksende oppdragsmengde for kommunal sektor – samt ulike former for dokumentasjon av bygningsmasse (særleg termisk kontroll og 3D-modellering av objekt). CG Labs AS driv med FoU-arbeid på vegne av heile denne gruppa og skal spesialisere seg mot innovasjon og nyvinningar i både teknologibruk og metodikk, mens Iris Group Nordic AS vil fortsetje sine rutinebaserte operasjonar og oppfylling av forplikingar overfor kundar i offshoresektoren, energisektoren og offentleg sektor.

Saksopplysningar:

Alver kommune har inngått ein intensjonsavtale (vedlegg 2) med CG Labs for å delta i eit utviklingsprosjekt for uttesting av droneteknologi og eit nytt teknologisystem for tekniske og geomatiske tenester (drone og sensorteknologi), analyser i kritiske drifts- og vedlikehaldsoppgåver i kommunen.

Utviklingsprosjektet har fått tilsegn på 3,3 mNOK i stønad frå Innovasjon Norge, med eit særvilkår at prosjektet kan dokumentere ei kontantfinansiering på 3 mNOK til Innovasjon Norge. CG Labs vil bidra med 1 mNOK av egne midlar i prosjektet under føresetnad at Alver kommune bidrar med 2 mNOK som ein pilotpartner i prosjektet.

Alver kommune har allereie avsett midlar gjennom budsjett for teknisk drift og vedlikehald, nokre midlar frå prosjekt og kultur. Stønad frå Næringsfondet vil gjere at prosjektet klarer å oppfylle kravet til kontantbidrag og innfri vilkår frå Innovasjon Norge for utbetaling av tilsegn.

Ut over kontanttilskotet skal Alver kommune bidra med egne timar verd NOK 1 000 000 i prosjektperioden. Desse timane må først i formel prosjektrekneskap, og timesatsen som vert godkjent er 12 promille av årsløn for den einskilde. Denne timerekneskapen skal leggjast ved halvvegsrapport og sluttrapport til Innovasjon Norge.

Prosjektet har allereie gjennomført ei rekke «pilotprosjekt for kommunen innanfor tenesteområde brann og redning, kultur, plan, drift og vedlikehald av offentlege bygg.

Pilotprosjekta har demonstrert ei forbetring og innsparing av kommunale oppgåver og tenester gjennom bla:

- Spart tid
- Sparte kostnader
- Høgare kvalitet i arbeidet
- Betre tryggleik (HMS)

Ei viktig målsetting er å etablere eit ferdig utvikla teknisk system som etter prosjektperioden skal kunna takast i bruk av kommunen sine egne fagfolk.

Vurdering

- Prosjektet fell innanfor dei godkjende vedtektene for Næringsfondet
- Prosjektet vil stimulere til ny teknologi og nyskaping i ein sterkt veksende marknad for ny digitalisering- og visualiseringsteknologi
- Prosjektet vil bidra til at Alver kommune (på sikt) kan gjennomføre kostnadsreducerande tiltak på ei rekke driftsområde i kommunen

Vedlegg i saken:

21.04.2020	Vedlegg_ 1 CG Labs søknad Næringsfondet	1375249
22.04.2020	CG Labs - intensjonsavtale - Sak 2019-112875 Signert LOI	1376083

- Iris Group Aero - Alver kommune 2019-08-19 16.13.31
(1) (L)(65090)

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.01.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/21	Utval for næringsutvikling og drift	03.02.2021

Meldingar og orienteringar i ND 03.02.2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert tekne til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Saksopplysningar:

1. Politisk prosess kommuneplanen – samfunnsdelen v/Line T. Waage-rådgjevar Plan og analyse
2. Droneprosjektet – status v/Kjetil Spurkeland
3. Status for prosessen vedk. alternative plasseringar i reinseanlegg i Kvassneset v/Line Merete Valle-leiar eigedomsforvaltning
4. Løypemelding aktuelle/påande prosjekt i Alver v/Line Merete Valle-leiar eigedomsforvaltning
5. Banedekke kunstgras Knarvik og Ostereidet v/Line Merete Valle-leiar eigedomsforvaltning
6. Orientering om byggesak v/Anny Bastesen-kommunalsjef
7. Korona og næringslivet
8. Batterifabrikk Mongstad v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef
9. Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland – utkast planprogram (sjå vedlegg) – orientering v/Kristin Nådmdal-leiar Plan og analyse